

Reglement for servering av alkoholholdig drikke i fylkeskommunale bygg

Følgjande reglar skal gjelde for servering av alkohol i fylkeskommunale bygg, leigebygg/leigeareal og utleigebygg i Vestland fylkeskommune.

- a) Servering av alkohol i fylkeskommunale bygg, leigebygg/leigeareal og utleigebygg skal berre vere tillate i helgar, med dei unnataka som går fram nedanfor. Tidspunkt for servering av alkohol er avgrensa til fredag frå kl. 16 til 01, laurdag frå kl. 16 til 01 og søndag frå kl. 16 til 24.
 - b) På dei vidaregåande skulane skal det ikkje serverast alkohol når det er undervisning eller går føre seg aktivitetar for elevar. På skular med internat skal det heller ikkje serverast alkohol når det er elevar til stades på internatet.
 - c) Opplæring som er i samsvar med læreplanverket for programområdet for restaurant- og matfag (kokk- og servitørfaget) er ikkje omfatta av avgrensingane i reglane.
 - d) Servering av alkohol andre dagar enn i helg skal berre kunne skje i heilt spesielle høve.
 - e) Målgrupper for arrangement der det kan serverast alkohol skal vere vaksne etter reglane i alkohollova.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fastsetje utfyllande retningsliner for servering av alkohol i fylkeskommunale bygg, leigebygg/leigeareal og utleigebygg med utgangspunkt i desse reglane.
 3. Fylkesutvalet får fullmakt til å gjere endringar i reglementet.